BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2023

VARHAUGBUEN

17. MAI FØR I VERDA
SIDE 2 - 3

UNGDOMSUTVEKSLING
SIDE 4 - 5

DYSJALANDSVEGEN
SIDE 12

17. MAI PÅ VARHAUG SIDE 26 - 28

Framsida: Kubilete tatt av Amalie Ravndal



17. MAI PÅ VARHAUG FØR I VERDA

Sjur Håland

Det er ikkje berre på Akershus festning særlege høgtidsdagar startar med salutt. I mange år etter krigen, presis klokka seks om morgonen 17. mai starta feiringa av nasjonaldagen på Varhaug med at ein og annan bonde, og andre gode sambygdingar, fyrde av nokre solide dynamittsalvar. Dermed var Varhaug-folk som ikkje alt var vakne, på føtene i ei bråvending.

Tønneramme

Då minkhusa poppa opp på 1950- og 60 talet, tok sprengstoff-tradisjonen slutt. Dei kraftige smella samsvarte ikkje med god dyrevelferd hjå mink-tispene. Då var Per Refsland god å ha. Per dreiv grustaket på Refsland, og var blant dei som tok oppgåva med å få folk opp og gå på nasjonaldagen. Det gjorde han med å festa tomme tønner i eit langt tau bak lastebilen. Med denne ekvipasjen køyrde han gjennom Stasjonen og dei omkringliggande stroka lenge før hanen hadde tenkt å gala. Den intense ramlelyden erstatta kanonsaluttar på glimrande vis utan å skræme minkane. Seinare var det gjerne nokre ungdommar på motorsyklar med meir eller helst mindre orden på eksosanlegga som i fem-sekstida om morgonen sytte for ein slags salutt.

Og dermed var dagen i gang. På gardane var det gjerne slik at første del av 17. mai vart rekna som kvardag. Då kunne bøndene hyppa i rotfruktåkrane eller gjera anna arbeid utanom det vanlege stellet, før dei dressa seg opp og gjekk på Stasjonen. Enkelte for å få med seg heile pakken, medan andre gjekk til Stasjonen for å få med seg talen for dagen.

Navet i bygda

Fram til ei eller annan gong først på 1960-talet, då Varhaug skule vart teken i bruk til feiringa, gjekk 17. mai-feiringa føre seg i den gruslagde Stasjons-vegen. Her var sjølve navet i bygda med banken, meieriet, handelslaget, IT og butikkane til Rakel og Olav Lerbrekk og Anton Auestad. Og, sist men ikkje minst, den vidgjetne pølsebua til Magda og Tobias Ueland.

Det var ikkje uvanleg at barna fekk nye klede og sko til 17. mai. Barnetoget stilte opp i Stasjonsvegen om morgonen og gjekk til kyrkja. Lensmannen eller ein av betjentane gjekk gjerne først, deretter 17. mai-komiteen med dei store flagga. Så følgde barna med dei små flagga og dei nye skoa som var to nummer for store slik at dei hadde litt å veksa i.

Synkront med Vigrestad

Varhaug skulemusikkorps vart etablert i 1958. Før den tid var det nok meir skralt med musikken, men ungane kunne syngja og laga lyd. Då som no. Når toget kom til Odland, skjedde det synkront med barnetoget frå Vigrestad som kom sørfrå. At kyrkja var stuvande full, er ikkje vanskeleg å sjå føre seg. Dei Varhaug sat (og stod) på nord, medan dei Vigrestad brukte benkene og ledig golvplass på sør. Slik var det den gongen.

Heim att frå kyrkja tok den motoriserte transporten over. Då var det å stuva ungar og vaksne opp på lasteplanet med høge karmar på lastebilar med blant andre Kornelius Varhaug bak rattet, medan Karl Bakke fylte opp bussen sin.

Small i meieriveggen

Leikane gjekk føre seg i Stasjonsvegen, eller på den opne plassen mellom pakkhuset til handelslaget og meieriet. Det var ikkje berre barna som fekk vera med på leiker i Stasjonen på 17. mai. Dei vaksne var også i stand til å sleppe seg laus. For eksempel med kappløp på stylter eller hjulbårekonkurranse. Ein person sitjande i hjulbåra var augo til den som trilla hjulbåra i full fart med bind for augo. Det gjekk vilt føre seg. Grusen skvatt. Nokre gonger hamna trillebårene inn i folkemengda, og ei gong small eine trillebåra inn i meierimurveggen så det song.

Skøyartoget var årvisst på denne tida. Dette var som ei revyførestilling som passerte gjennom folkemengda langs Stasjonsvegen, med kreative påfunn og muntre stikk til lokalpolitikk og andre saker som folk var opptekne av. Sigbjørn Varhaug hugsar at det eitt år var ein stor robåt i toget, med lokale skodespelarar, som gamle Thor Stokkeland og Erling på Jererudlå, om bord.

Sisu i stallen

Dei første tiåra etter krigen, var det langt frå raust med pengar blant folk på Varhaug. Men 17. mai var det noko annleis. Og ørene og kronene som barna fekk i lommane, vart ikkje liggande lenge. Sjokolade og «bombom» kunne kjøpast i butikkane. Det same kunne brusen. Å unna seg luksusen å kjøpa seg ei

flaske brus, var noko som for mange berre let seg gjera denne eine dagen. Sigbjørn Varhaug fortel at Sisu var hans favoritt. For å få brusen til å vara utover dagen, tok han seg ein slurk, før han la flaska tilbake på ein eigen gøymeplass i stallane som framleis stod i Stasjonen i 1950-åra.

Sigbjørn var ikkje åleine barn som gøymde brusflaskene sine i stallane. Det var også vaksne som hadde den praksisen. Innhaldet i dei flaskene var nok ikkje Sisu, men det er ei anna historie.

Elles gjekk feiringa føre seg ute. Folk var vel vane med å handtera all slags vêr. Var nordavinden stri, eller det kom ei eller annan regnbye, var det å kneppa alle knappane i kåpa eller frakken, halda på hattane og stilla seg i livd langs ein vegg til det verste gav seg.

Stort alvor

I fjor og i år feirar me 17. mai på Varhaug med krigen i Ukraina og lidingane til ukrainarane som bakteppe. Gjennom nyheitssendingar får me jamt uhyggelege glimt inn i krigens vondskap og gru. Dermed har det blitt lettare å forstå det store alvoret som også prega 17. mai-feiringa på Varhaug dei første tiåra etter freden kom i 1945. Varhaugbuane hadde røynt krigen og okkupasjonen på kroppen i fem år. Enkelte meir enn andre. Under kransnedlegginga på dei falne sine graver ved kyrkja etter gudstenesta, var det svart med folk samla. Det var gripande stunder kor sjølv dei mest hardbarka måtte fram med lommeplagga.

Grunnlov, folkestyre og fred i landet vårt er ikkje sjølvsagt. Gratulerer med dagen!

Takk til Sigbjørn Varhaug som har delt sine minne med meg og gjort det mogleg å laga denne teksten.

17.mai
Innlegget til Sjur i 17-mai programmet, tykte eg var så gildt at eg måtte berre få det med i Varhaugbuen og. Kanskje er det heller ikkje så mange som har lese det, nå som programmet ikkje lenger vert selt på dørene?
Liv

UNGDOM FRÅ LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB OG HÅ UNGDOMSRÅD PÅ UTVEKSLING

Ungdommar i Lensmannsløa ungdomsklubb og Hå ungdomsråd (17-20 år) har saman med kroatiske ungdommar arrangert ei utvekslingsveke i Kroatia (1.4.23-7.4.23) og ei utvekslingsveke i Hå kommune (11.4.23-16.04.23). Tema for prosjektet var «Interkulturell forståelse og bærekraft». Prosjektet fekk støtte frå EUs utdanningsprogram Erasmus+ Ungdom. Ystepikene, Q-meieriene, Tine, Den stolte hane og Grude gartneri og M Opstad AS sponsa utvekslinga med lokal mat.

16 norske ungdommar deltok: Thilde Skretting, Sandra Kristensen, Anton Brundtland Gustavson, Ema Mitrovic, Ine Mari Hagen, Lasse Vollevik, Sander Forselv Bore, Michelle Espedal, Natalie Tjemsland, David Ådnøy, Beth Hognestad Ueland, Ingvild Topdal Sæland, Yrja Herredsvela, Line Topdal Sæland og Ronja Jensen Nærland.

I forkant hadde deltakarane frå Hå fleire møte for å bli betre kjende og laga workshops om vennskap, livsmeistring, ungdomskultur, ungdomsråd, reklamefilm, planlegga «norsk aften» og ekskursjonar.

Under utvekslingsvekene var det gildt å prøve ut engelsken sin og bli kjende med nye folk. Me lærte mykje om likskapar og ulikskapar mellom Kroatia og Norge, og det å respektera kvarandre sine kulturar.

Det var ein del likskapar mellom kroatiske og norske ungdommar når det gjaldt interesser, og alle var flinke i engelsk. Me treivst saman på Ognatun med grillhytte (gapahuk) og fine uteområde. Nye vennskapsband er knytte.

Fleire av ungdommane merka seg ulikskapar mellom Kroatia og Norge når det gjeld forhaldet til foreldre, lærarar og andre vaksne. Hos oss er det vanleg med opne samtaler mellom ungdom og vaksne, medan dei kroatiske ungdommane snakkar meir formelt og respektfullt til foreldre og lærarar. Her har mange ungdommar deltidsjobb heile året. Det var ikkje så vanleg i Kroatia, men kroatisk ungdom har ofte sommarjobb innanfor turistnæringa.

Aller mest utfordrande for oss i Kroatia var at kroatane i Dalmatia-regionen hadde ei anna oppfatning av tid og tidsbruk enn nordmenn. Me vart utolmodige når programmet ikkje starta presis, medan dei var vane med at ting kunne verta utsett og brydde seg lite det. Heldigvis tilpassa dei kroatiske deltakarane seg til norske forhald då dei var på besøk hos

oss, slik at me rakk toget og kom i tide til lærerikt program på Norsk Oljemuseum og fin byvandring med «Sal, service og reiseliv»-linja ved Dalane videregående skole i Eigersund.

På utvekslinga i Kroatia var det mange som sette pris på å læra om Split sin historie og oppleva den flotte naturen i nasjonalparken Krka. Andre trakk fram at dei treivst godt med workshopen der me laga intervjuspørsmål om kulturforskjellar, som me stilte til folk i byen Trogir, fordi det skapte godt samarbeid.

I Noreg var workshopane om redesign med Monica Høien populære fordi dei ga deltakarane moglegheit til å bruka si kreative side. Både karaoke, filmworkshop og catwalk engasjerte og fleire glimta til og synte nye talent til glede for seg sjølve og dei andre. I tillegg vart roadtrip på Jæren i regi av Hå-ungdommane svært godt likt. Turen gjekk til Brusand strand, Hitlertennene, Kvassheim fyr, Haarr rasteplass, Varhaug gamle kyrkjegard, Hå gamle prestegard, heimbyen til Erling Braut Haaland, McDonald's på Klepp, Høg-Jæren vindkraftverk og Ogna ungdomsklubb. Me var også så heldige at me fekk koma på gardsbesøk til Røysaland. Der fekk vi både treffa mange dyr og me fekk oppleva nisseutstillinga Barnas Jul – Nisser og dyr.

Alt i alt har det vore eit utruleg kjekt og lærerikt utvekslingsprosjekt.

Annette Jensen Gimre, Anne Marie Gjølme

JÆREN SPAREBANK SATSER VIDERE PÅ VARHAUG OG FORNYER LOKALENE

Etter å ha holdt til i samme bygg siden det var nytt i 1992 var tiden inne for oppussing.

1. etasje er nå totalrenovert og utvidet med de gamle frisørlokalene slik at banken bruker hele etasjen selv.

De ansatte gleder seg til å ta imot både gamle og nye kunder i det flotte lokalet.

Det var offisiell åpning fredag 26. mai kl.10.00 med snorklipping, kake og kaffe.

Alle er velkomne til å ta turen innom.

Stine Skeie

FRÅ REDAKSJONEN

Me syng så fint «Kom mai, du skjønne milde… Vil ikkje akkurat seia at mai har vore så mild, men fint er det i alle fall med alt det grøne som sprett dag for dag, både i nysådd åker og på buskar og tre.

Då stoff fristen gjekk ut, var det ikkje mykje eg hadde fått. Då vart eg litt lei, men det gjekk fort over, for etter purringa «rasa» det formeleg inn på pc'n.

Ja, så vert det blad denne gongen og, men ganske hektisk med alle desse fridagane i mai, og bladet skal ut før Varhaugmarken.

Eg hadde ein fin påskeferie i Hewis i Ungarn. Her har eg vore før og, og det er berre kos med massasje, symjing og pleie av både ansikt, hender og føter. I ein eller reklame, husker ikkje kva, vert det sagt «fordi du er verd det». Og det var slik eg tenkte alle dei 10 dagane eg var saman med mange gilde folk, både godt kjente og ein del nye. Følte eg var godt rusta til kvardagen etter den turen.

ORD OG UTTRYKK - SPRÅK OG MILJØ

Det er ikkje alt som sånne gamle som meg skal forstå. Språket, ord og uttrykk som folk brukar i dag er noko heilt anna enn då eg var ung. Åh, ja, dei gamle sa nok sånn då me og var unge. Sånn sett har ikkje tidene endra seg. Nå for tida er alt så «gøy». Høyr berre på ungane og dei unge når dei vert intervjua på fjernsynet. - **Det er så gøy!**

Så er det **«Det grøna skiftet»**. Alt skal skifta frå fossilt til grønt. Så pass har eg forstått at me skal slutta å køyra med bensin eller diesel. Me skal over til elektrisk bil. Eg for min del køyrer med bensin, og det har eg tenkt å gjera i mange år endå. Berre tanken på lading gir meg angst. Eg skal ikkje ha el-sykkel heller. Dei er så tunge, og går du tom for straum så er det eit slit å koma seg heim. Nei, eg trør og kavar med kuling og kallar det styrketrening. Enn så lenge! Det må vel vera mykje grønare enn batteri som tappar straumnettet. Me skal jo ikkje bruka straum heller, for den har me alt for lite av.

Me skal vera **berekraftige**. Eg kan ikkje med min beste vilje skjøna kva dette uttrykket tyder. Eg har eit handlenett som det står berekraftig på. Ja, nettet må vera sterkt når det skal tåla at eg bære mykje tunge varer. Men eg har måtta sy forsterkningar på handtaka for at dei skal halde. Så då er det vel berekraftig. Kanskje er eg og sykkelen óg berekraftige som trør og ber heim varene frå stasjonen. Men eg skjønar framleis ikkje uttrykket.

Kvart år i august plukka eg mykje rips og stikkelsbær som eg frys ned og nyttar til dessert utover haust, vinter og vår. Kanskje er det berekraftig? Det er i alle fall Bær. Eg bakar brød, og det meste av det eg treng av bakverk. Det må vel vera berekraftig? Eg vil heller seie at det er fornuftig. Men sånne vanlege ord skal me ikkje bruka. Det høyrest for vanlig ut.

I vinter har me fått skikkeleg dose med regn, men om regnet er berekraftig er ei anna sak. Det har virka litt på straumprisane. Men me skal jo ikkje bruka så mykje straum. Kvifor skal då alle køyra med el-bil? Batteria treng jo lading. Og så skal dei byggje batterifabrikkar både her og der. Og fly, bussar, båtar og alt skal gå på elektrisitet. Ikkje vil eg reise med eit fly som berre går på batteri. Tenk deg når det går tomt for straum høgt oppe i lufta. Nei, stakkars gamle, vanlege meg. Eg skjønar ikkje logikken i det som skal vera berekraftig. Er alle desse batteria miljøvenlege då? Kva når dei skal kastast eller distribuerast?

Eit anna uttrykk som eg har merka meg at lærde folk brukar er **- KONTEKST.** Kvifor ikkje seie samanheng, for det er det det tyder. Dei som brukar ordet tykkjer nok det høyrest finare ut med eit framandord.

Så snakkar dei om at den og den er **INFLUENSER!** Det tyder visst nok påvirkar. Unge jyplingar som trur dei har heile vitet og skal læra opp andre til alt muleg tull. Attpå til tener dei store pengar på slikt. Eg forbind det ordet med influensa. Og når me har influensa påvirkar me ingen ting. Tvert om. Me er temmeleg pjuskete og har meir enn nok med oss sjølv.

SUKK! Det er så mykje eg ikkje skjønar. Eg er berre eit vanleg menneske. Ja, endåtil i den kategorien som kjem inn under eldrebølgja. Dette ordet er rett og slett diskriminerande. Som om alle eldre menneske er hjelpelause og treng å vera på sjukeheim. Sjølv er eg fullt oppegåande til liks med mange andre pensjonistar. Rett nok er det nokre som slit med helsa. Men alle har me betalt inn til fellesskapet slik at me skal få hjelp om me treng det. Ja, eg er eldre, det kan eg ikkje nekte for. Rett nok har eg fått ei bølgje i håret. Men eg vil ikkje påstå at eg kjem flytande som ei bølgje og vil inn på Hå sjukeheim. Nei, eg vil klara meg som best eg kan så lenge det går an.

Kor mange eldre er det ikkje som er med i frivillig arbeid? Korleis ville samfunnet vore utan desse? Men det blir det ikkje snakka om. Eg trur at politikarane skulle vore på grasrota ei stund og sett korleis det verkelege livet er. Men det får bli ei anna sak. Eg har lært at me skal fokusere på det som er positivt. Då går alt så mykje betre. Men framleis skjønar eg ikkje ordet: **berekraftig.**

Brit Obrestad

BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Frå **1. juni til 31. august** kan alle som går i 1.-7. trinn delta på **Sommarles.no.** Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med.

Sommarles er for alle! På Sommarles.no kan ein registrere både bøker som barna har lese sjølve og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker).

For kvar bok som blir registrert, får deltakarane XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Barna kan både få kule digitale trofé på nettsida og hente fysiske premiar på biblioteket. På Sommarles kan de også få lesetips og løyse oppgåver knytte til Sommarlesforteljinga for året, skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

For å bli med på Sommarles.no går de inn på nettsida som opnar 1. juni, og lagar ein profil til barnet. Om de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg!

Vi håper at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og få gode leseopplevingar heile sommaren! Ta gjerne turen innom biblioteket dykkar for å få vite meir.

God sommar med Sommarles.no!

FØLET, SAUEN OG LITT MEIR

Følet og sauen var ei gåve til kommunen frå Varhaugbuen. Sauen hadde Arnstein Skretting laga. Eg tykte dyra hadde fått ein fin plass framføre Rådhuset, men dei passa nok ikkje inn i planane til dei som styre. Så vart dei plassert som noko anna rask ved Tunet, før hesten nå er kome i skulegarden og sauen ligg utanfor biblioteket. Kvifor skilde dei lag?

Nå vert endeleg undergangen fiksa opp. Der var det og mange fine firkanta plater, som små og store hadde laga. Dette var og Arnstein Skretting sin ide, og som tok seg av arbeidet med platene. Nå er desse tekne ned i samband med arbeidet i undergangen. Eg lurer på om dei kjem på plass igjen. Trur desse kan verka førebyggande for herverk, sidan det er så mange som har ein «eigardel» i dei. Liv

GILD TUR MED HÅ HISTORIELAG

29. april var ein fin dag, og me var 40 spente kvinner og menn, som reiste med Vigrestad Buss ut på tur frå Varhaug. Målet var vindmølleparken gjennom Skinnansfjellet. Guiden, Nils Arild Vestbøstad, frå Norsk Vind møtte oss på Matningsdal og køyrde føre oss innover i fjellheimen.

Og for eit vell av vegar som svinga seg både opp og ned. På eit av høgste punkta var det stopp, og Nils Arild kom inn i bussen og orienterte om parken. Etterpå var det ut i den kalde vinden både for og sjå og ta bilde utover låglandet både mot nord og sør. Det er mektig her oppe, og md alle dei store vindmøllene, følte eg meg ganske liten.

Norsk Vind utviklar vindparkar først og fremst i Norge, men er og involvert i utlandet, der dei er med på å utvikla eit vindkraftverk i Tanzania. Dei ynskjer å ha ei aktiv rolle i både bygge- og driftsfasen, og dei har og eigarskap til ein del av parkane dei har utvikla. Desse er i drift: Egersund vindpark, Bjerkrem, Måkaknuten, Røyrmyra, Tellenes og Høg-Jæren vindpark.

Bjerkreim vindkraftverk Søndre Klynge, som var her me var, består av 70 vindturbinar, og har vore i drift sidan 2020. Effekten er 301MW og årleg produksjon 1070GWh, og dette er det same som forbruket til 60.000 husstandar.

Dette kraftverket består i grunnen av tre vindkraftverk som grensar til kvarandre, nemleg Eikeland, Stensland, Gravdal og Skinansfjellet. Verket høyrer til i Hå og Bjerkreim, og har ein felles trafostasjon som høyrer til Bjerkreim Transformatorstasjon.

Frå vindmøllene drog me vidare til Kløgetvedt bygdemuseum, der me fekk omvising. Dette tunet, med både reiskap og bruksgjenstandar, fekk Bjerkreim kommune i 1984 av Torger og Bertha Kløgetvedt. Garden ligg i eit klyngeturn, slik det var vanleg, både i Bjerkreim og mange andre stader, før utskiftinga. Våningshuset frå 1853 er bygt i Jær-hus stil med 2 fulle etasjar og skutar på begge sidene. Ku-fjoset er frå 1700 talet, sau-fjoset frå 1800 og begge bygt av gråstein. Stall og smie er frå 1900 talet. Dei siste som budde her, og dreiv garden, slutta av i 1967. Men ein reknar med at det har budd folk her før 1500 talet.

Sidan Kløgetvedt-garden låg sentralt til frå gamalt av, ved ferdavegen mellom Bjerkreim og Heia, fekk ferdafolk og omstreifarar overnatta. I stovehuset har det vore både telefonsentral og postkontor.

Nå begynte me å verta svoltne, og turen gjekk vidare til middag på Vikeså. Etter ein god pause her med ein stor porsjon kjøttkaker, var neste stopp Søya gardsutsal. Her fekk med ei orientering om garden i tillegg til kaffi og vafler. Og her kunne ein og handla litt av kvart; saft, sylt, flatbrød og mykje meir. Trur ikkje det var bere eg som hadde ein pose med meg på bussen heim. Takk til historielaget for ein gild og innhaldsrik tur. *Liv*

PÅSKEMØTE

14. mars var det påskemøte for aspiranter på Bygdahuset. Det var godt oppmøte. Me «blåste egg» og mala dei etterpå. Medlemmane fekk og laga ein hare av ein sokk fylt med ris, og påskekylling.

Det var god stemning og ungane var fornøyde med pynten dei tok med heim. I slutten av møtet var me ute og leika leiker.

4H-DAGEN PÅ JÆRMUSEET

Alle 4H-klubbane i Hå går saman om å lage ein kjekk dag ute på Jærmuseet kvart år. Representantar frå klubbane har møte i forkant, og planlegg kva aktivitet/stasjonar dei forskjellige klubbane skal ha. Det er åpent for alle. Dette året var det den 30.april. Svala 4H hadde bålchips og frisbeegolf i skogen nedanfor Jærmuseet. Me hadde med bålpanner og jordeple. Ungane kunne koma å kutta opp eplene og få eta ferdigsteikt bålchips, eller kasta frisbee. Det var kjekt med mange medlemmar som var innom den dagen, og mange andre.

Helle Rosland

Liggende fremst: *Sofie Løge Moi.* ***Framme frå venstre*** *Dorika Neema, Karoline Viste Bø, Fariha Kazimi, Narin Alan Nowzoz, Liv Auestad, Lisa Håland Nedrebø.* ***Bak frå venstre:*** *Stian Nedrebø (trener), Emma Sundvor, Aurora Knirk, Elida Ridola Herikstad, Simone Ekroll, Marit Odland, Roger Sundvor (trener), Magnus Skrettingland (trener)*

VARHAUG J13 - 2.DIV

Me stiller to lag i J13-serien, et reint J13-lag i 2.div og et miks-lag i J13 3.div i lag med J12. Me er 13 spillere på J13 og 18 spillere på J12. Me trener tysdager og torsdager 90 minutters treninger.

Målsettingen er å skape et godt fotball-lag med godt samhold og væra flinke på det sosiale aspektet.
I sommer skal laget på Norway cup.

Magnus Skrettingland

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845, fram til 8. juni. Oppstart for hausten vert antakeleg 7. september.

25. mars gjekk Hå-mesterskapet av stabelen. Nytt nå var at det var tre grupper, Nybegynnarar, mester-gruppe og så ei ny gruppe kalla «Kan Litt» for dei som var nybegynnarar i fjor men fortsatt er ganske ferske som sjekkspelarar. Og me trong ein vandre-pokal for den gruppa, og den vart sponsa av Lotus Varhaug. Nybegynnarpokalen hadde vore vore i bruk sidan 2009, no vert den ståande på Vigrestad skule etter at nybegynnargruppa vart vunne av ein spelar frå den skulen for redje gong. Neste år vert det ein ny pokal, sponsa av Spar Varhaug.

I meistergruppa vann Thomas Stokke enno ein gong, no for Tryggheim ungdomsskule. På dei to neste plassane kom Nils Tore E. Aarsland og Magnus Rimestad, både frå Jærtun.

Av nybegynnarane vart det 1. plass til Domantas Kusnerovas frå Vigresad skule og deretter kom Kevin Varhaug Buraas frå Ogna skule og Tobias Laupland frå Motland skule.

«Kan Litt»-gruppa vart vunne av Henrik Garpestad føre Agnar E. Aarsland og Tollak E. Aarsland, alle tre frå Jærtun.

Ialt var det med 40 spelarar, 15 i «Kan Litt», 17 nyb-egynnarar og 8 i meistergruppa.

Fast innslag på desse mesterskapa er at Erik Høyland har litt tips og triks, og så er det pizza og brus for alle. Det vart halde årsmøte for Hå skulesjakk, der styret vart attvald.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, https://www.facebook.com/hasjakk/

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler i person-al-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

I vår har me mange små turneringar, og resultat teller saman med frammøte. Bestemann vert kåra til Jærmester siste onsdagen før sommaren.

Ialt er det no 29 registrerte spelarar som er medlem i Jæren sjakklubb, sidan starten i 2017 er det 95 som har vore med og betalt kontingent.

Velkommen til klubben.

Klubben har egen internettside: https://www.Jærensjakk.no

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». (sjå https://www.facebook.com/jaerensk/)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

«Kan litt» - gruppa

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

KJÆRNEBORING
BETONGSAGING
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no

FARGERIKE
Halvorsen

DYSJALANDSVEGEN

Dei fleste Varhaugbuar har sikkert fått med seg at Dysjalandsvegen frå Fitjekrossen til Dysjaland har vore uframkomeleg i vinter og vår.

Dermed har ei som meg, som er meir enn middels glad i å sykla, ikkje kunna sykla gjennom Dysjalandsvegen og Kviamarka denne vinteren. Men i går (30. april) kunne eg endeleg ta den etterlengta turen. Og for ein «autostrada» me har fått. To nye bruer, ei over Tvihaugsåa og ei over Rongabekkjen, og fortau/sykkelveg langs heile vegen. Det har vore ei stor utfordring å lage nye bruer med så mykje regn og flaum som det har vore i vinter. Men entreprenørane har stått på og fått det til. Ja, endåtil gatelys blir sett opp. Rett nok er den i skrivande stund ikkje heilt ferdig. Ikkje alle lyktestolpar for gatelys er kome opp, og litt flikking og opprydding står att. For dei som bur langs vegen må det vera ei ekstra stor glede at ungane nå kan sykla trygt på fortau til skulen. Og det endå til med lys i den mørke årstida. Her har vegen fått ei skikkeleg oppgradering, og det trongs. Den har vore i dårleg stand lenge.

Ein av grunnane til at denne oppgraderinga har fått fart på seg, er at det måtte leggjast ny vassleidning frå Håland til Kviamarka slik at næringsmiddelindustrien der har nok og godt vatn. Når dei like vel skulle grave kunne dei gjere vegen skikkeleg i same slengen.

Me som bur i Hå kommune, og som er glade i å sykla, kan glede oss over mange gode sykkelstiar i kommunen. Og er det ikkje sykkelsti, så er det endå nokre vegar som endå er temmeleg fredelege og utan den store trafikken. Vil me ha bakkar så er det berre å trø oppover til Ueland og Høg-Jæren. Vil me ha motvind er det berre å trø mot den retninga som vinden kjem frå. Når me så snur heimover att, ja, så går det meir susande etter kor mykje vind me får i ryggen. Eller nedover alt etter kor store bakkar me har trødd oppover. Og for dei som ikkje likar motvind og motbakkar, så er det berre å kjøpa seg el-sykkel. Då går visstnok alt så mykje lettare. Det er ingen grunn til å sitja inne, altså. Einaste grunnen må vera regn, men det fins regnklede og.

Nå som sommaren står for døra kan det verta mange gilde turar i nærområdet. Det er alltid noko å sjå og oppleve om me har sansane opne.

God tur og god sommar.

Brit Obrestad

PRESSEMELDING FRÅ HÅ MÅLLAG:

MÅLPRISEN FOR 2023 GÅR TIL NÆRBØREVYEN FOR GLITRANDE BRUK AV DIALEKT!

Hå Mållag har tatt opp igjen tradisjonen med å dela ut ein målpris kvart år til gode nynorsk- eller dialekt-brukarar. I Hå er det mange som er flinke til å bruka målet sitt aktivt og levande og det var derfor fleire gode kandidatar som vart vurdert.

Styret var likevel ikkje i tvil og har samrøystes tildelt prisen for 2023 til Nærbørevyen/Nærbø Musikkkorps.

- Nærbørevyen har alltid vore flinke til å nytta gode jærske ord og uttrykk i revyane sine. Det er ein kunst å gjera dette på ein god måte slik at tilhøyrarane ler av dialekten - utan å latterleggjera den - og på ein slik måte slik at tilhøyrarane blir stolte av dialekten sin. Det klarer Nærbørevyen!

Revyen dette året hadde eit par nummer som burde gå rett inn i læreboka over god - og morosam - dialektbruk seier Leiaren i Hå Mållag Arne Reidar Hæåk.

Prisen er eit diplom og ein gåvesjekk på kr. 5.000 med støtte til Nærbø Musikkorps denne veka.

Sissel Obrestad, Arne Reidar Hæåk og Rune Lode. Foto: Hå mållag

VEIT DU AT 12. MAI ER NYNORSKDAGEN ?

En alliansebank i eika.

Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

jæren sparebank

Palmeutstillingen

Den 01. og 02.april arrangerte vi årets Palmeutstilling, og vi er veldig fornøyd med helgen. Dette er vår doble utstilling som gir alle deltagende raser muligheten til å stille ut hundene sine 2 ganger samme helg og vi hadde et veldig flott antall påmeldte, vi hadde en økning i påmeldinger fra 2022 og i år endte vi opp på:
656 voksne og 125 valper lørdagen
642 voksne og 116 valper på søndagen
noe som gir en total på 1539 påmeldte hunder i løpet av helgen :) Til info - valpeklassene omfatter hunder fra 4 mnd - 9 mnd, etter fylte 9 mnd går de over i de offisielle klassen og blir definert som «voksne».

Her har idrettslaget merket opp plasser til bobiler og campingvogner

Fordelt på 9 forskjellige dommere og to forskjellige haller så ble det en veldig fin helg og vi har fått mange flotte tilbakemeldinger fra utstillerne noe som gjør det ekstra gøy med tanke alt dugnadsarbeidet som legges ned i en slik utstillingshelg. Utstillerne våre var både lokale og tilreisende fra andre steder i landet, noen innkvarterte seg på hoteller/hytter ol i området, og andre overnattet ved hallene i bobil eller campingvogn, vi hadde nærmere 50 bobiler/campingvogner stående ved hallene.

Vi hadde noen humper i veien, men vi kom oss fint igjennom til slutt, og da vi i siste liten fikk beskjed om at forsponsor ikke kunne levere forpremier til finalene så ble jo det også en ganske så uforutsett ting, men flotte sponsorer dukket opp, den ene etter den andre med kanonflotte premier til Best In Show finalene våre-

Stavanger Fotografen v/Elise Åkesson sponset gavekort på fotografering til alle, PetXL på Forus hev seg rundt og sponset forpremier, kobbel og dekken, Print2You sponset flotte, trykkede produkter, Morene Produkter sponset flotte hundesenger, Top Pet Products sponset også flotte premier, Irene og Heiko sitt hobbyrom sponset med gavekort på flotte håndlagde produkter, Norsk Miniatyrhundklubb Hovedstyre ga flotte passomslag med klubbens 50 års jubileumslogo og Norsk Kennel Klub Region Rogaland sponset med premien «Beste Rogalandseide hund» som går til den best plasserte hunden i BIS Voksen Lørdagen som har eier bosatt i Rogaland - en stor takk til alle sammen, helt fantastisk flott gjort og vinnerne våre fikk noen kanonflotte premier med seg hjem. Vi ble rett og slett rørt av hvor mange flotte premier som dukket opp.

Her er litt av de flotte premiene som vi fikk sponset, vinnerne fikk masse flott med seg hjem.

Palmeutstillingen

Så må vi også takke Jæren Dyrehelse AS på Varhaug som er vår trofaste vaktveterinær ifbm. Palmeutstillingen - godt å ha noen i umiddelbar nærhet.

Og vi har hatt mange flinke, flotte dugnadsfolk med oss i løpet av denne helgen og er utrolig takknemlige for jobben som er blitt gjort, uten dem hadde vi ikke fått ett så stort arrangement i havn, så stor takk til alle sammen både dem som stilte opp «privat» og dem som stilte opp via Varhaug Idrettslag, det ble gjort en fantastisk jobb av alle sammen - alt fra dommere, ringpersonell, parkeringsvakter, sjåfør for dommere, ryddepersonell, sekretariat og alle andre oppgaver som måtte fylles opp i løpet av denne helgen - Tusen takk! Og en superstor takk til Varhaug Idrettslag som lar oss få låne dette flotte idrettsanlegget år etter år og legger så flott til rett for denne helgen, både med hallene, har kiosk hvor utstillerne kan få seg noe godt å tygge i, ordner slik at vi kan tilby utstillerne våre bobil/camping overnatting med døgnåpen toalett og strøm, vi får låne begge hallene som gjør at vi kan få i havn et så stort arrangement og invitere en stor mengde raser til å delta hos oss. Vi gleder oss allerede masse til neste års palmehelg på Varhaug! :) Den er og forblir en fast tradisjon hos flere og flere utstillere etter hvert virker det som :)

Dommerne 2023 var som følgende:
Wim Wellens (Nederland), Jeff Luscott (Storbritannia), Slobodan Nasteski (Makedonia), Astrid Lundava (Estland), Kurt Nilsson (Sverige), Annika Ulltveit-Moe (Sverige), Theo Leenen (Belgia), Dr. György Tesics (Ungarn), Zeljko Zilnik (Kroatia)

Nedenfor her vises Best In Show voksen nr 1-4 lørdagen og søndagen, det var også mange andre flotte hunder som ble plassert i valp, veteran, junior, avl og oppdretter finalene - besøk gjerne vår hjemmeside for flere resultater: www.nmhk-rogaland.net

	BEST IN SHOW 01.april 2023	**Dommer: Kurt Nilsson, Sverige**
1	Knøtteliten's Sweetest Thing	Jack Russell Terrier E: Frode Sjølander, Camilla Sjølander
2	Bazinga Gonna Be A Mighty King	Faraohund E: Simon Tien Hansen
3	Panaphia's Simply The Best (Ble også Beste Rogalandseide hund)	Lhasa Apso E: Kurt Espeland, Margret Vestvik, Brit Kristin Falck Peters
4	Courtborne Julie	Whippet E: Nina Mehandru Kallekleiv

	BEST IN SHOW 02.april 2023	**Dommer: Kurt Nilsson, Sverige**
1	Bikkjehaugen's Vetle Van Gogh	Newfoundlandshund E: Roar Glendrange
2	Alucia Glee's Eladon Goldenhair	E: Heidi Wahl
3	Knøtteliten's Sweetest Thing	Jack Russell Terrier E: Frode Sjølander, Camilla Sjølander
4	Kangelani's Zafir By Django	Rhodesian Ridgeback E: Marit Hjartøy

Pensjonistforbundet

Varhaug Pensjonistlag

Styret i Varhaug Pensjonistlag 2023

Fra venstre oppe: leder Bjørg Merethe Reiestad , styremedl. Egil Salte, vara. Aud Torunn Hobberstad, vara. Gustav Håland, nestleder Berit Kristine Bø

Fra venstre nede: sekretær Gjertrud Edith Hobberstad, kasserer Bjørg Reime Håland, vara. Liv Karin Haver, styremedl. Oddny Søyland

Vi har og fått med oss Tor Knudsen som web ansvarlig

Dersom du har lyst å bli medlem i Varhaug Pensjonistlag, ta kontakt med Bjørg M. Reiestad tlf. 41220538

Alle møtene er på Varhaug Idrettshus i sosialt rom. Siste tirsdagen i måneden fra kl. 17.00 til ca. 19.00. Enkel servering. Sang og trekkspill musikk. God parkering

Pensjonistforbundet

Varhaug Pensjonistlag

Målsettinger: Beholde og rekruttere nye medlemmer

Vervekampanje med stand på Varhaug Marken

Holde gode interessante foredrag

Leve hele livet reformen/Bo trygt hjemme reformen

Eldreplanen i Kommunen

Møteplan for hausten 2023

15.08.23 Busstur til Slottet I Sirdalen. Middag

26.09.23 Morten Tjemsland viser lysbilder og snakker om fuglene i Norge.

31.10.23 Kurs 65+ ved Rune Røise

28.11.23 Julemøte med Juletallerken og dessert

Forandringer i programmet kan forekomme

Det blir sendt SMS til alle medlemmer i forkant av møte og lignende. Annonse i Jærbladet og i Hva skjer. Samt plakater.

VARHAUGSBU - SEI HEI, SMIL, INKLUDER OG BRY DEG!

På Varhaug har me hatt eit større prosjekt der målet har vore å gjera Varhaug til ein endå betre plass å bu. Lag og organisasjonar, skular og barnehagar i bygda har delteke i prosjektet.

Gruppa har knadd på kva som er det viktigaste me som medborgarar skal tenkja på, og representantane har tatt dette tilbake til sine organisasjonar. Etter fleire rundar kom me fram til desse 3:

Petter Dubland og firmaet Fandango har stått for utforminga, som både er enkel og genial. Tanken er at desse skal hengja rundt om i bygda og minna oss på kor viktig det er å smila, bry seg og inkludera.

21. mars hadde me ei offentleggjering av resultatet på Varhaug idrettslag. Der hadde Bent Høie eit framifrå innlegg som handla om at «Mennesker er menneskenes beste medisin». Ordførar Jonas Skrettingland avslutta med to gode historiar som illustrerte både utanforskap og inkludering på ein god måte.

Klarer me på Varhaug å få til eit meir inkluderande samfunn der fleire bryr seg, vil fleire kjenna at dei høyrer til og er ein del av noko større. Dette verkar førebyggjande.

Helsing Johan Omland

SpareBank 1 SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.

SI BYGG
NORRØN GRUPPEN

Referat fra: Ordførererens sitt foredrag under årsmøtet for Varhaugbuen 24. april 2023

Jonas Skrettingland hadde eit foredrag om si politikarrolle.
Det var gjennomført på ein lun og god måte,- med nokre kjappe kommentarar innimellom frå dei som var med på årsmøtet.

Han starta med å skryte av Varhaugbuen og dei andre to blada som vert gjevne ut på Varhaug, VIL-bladet og Misjonshusbladet. Blada las han med interesse,- og dei synte godt den store aktiviteten i bygda.

Jonas har 20 år som aktiv politikar. Og det meste har vore gildt.

I førstninga var det fokus på kor du var frå og kor du budde i kommunen. No er det meir politiske synspunkt som teller,- og i kommunestyret er det etter kvart blitt samordna synspunkt og færre overraskingar. I store liner er men stort sett einig i retning for utvikling.

Det er no vekst i folketalet- og Hå er jamstor med nabokommunane Klepp og Time. Det har vore mykje bygging av skule og barnehagar, men no går barnetalet litt ned att.

Me har ein del nye innbyggjarar, i år 170 nye frå Ukraina (og om lag same antal i fjor), noko som gjev ein del utfordringar.

Jonas nemnde at det er fellesbilete av alle i kommunestyra etter samanslåing i 1969,- og det tyder på godt politisk samarbeidsklima. Men eitt år vart det ikkje teke noko bilete,- kanskje var ein ikkje heilt på talefot det året?

Fortsatt har folk stor respekt for talarstolen,- berre ein gong hugsa Jonas at han hadde bedt ein som hadde ordet om å bruke eit finare språk.

Det er stas med ordførarkjede. Det vert mellom anna nytta ved vielser på rådhuset. Men for å bruka kjedet utanfor kommunen må han få godkjenning av ordførar i kommunen der han skal bere det synleg.

Litt av frynsegodane som følgjer med ordførar tittelen er at han får vere med å treffe folk mange stader- og det er noko som Jonas liker godt. Og så kjem det mange til kontoret,- for terskelen er låg.

Ei ulempe kan vere at det er mye lesing av sakspapir.
Ofte kompliserte utgreiingar.

Ordførar saman med varaordførar har fullmakt til å forhandle på vegne av kommunen når det skal gravast eller lagast veg over eigedomar. Frivillig skjønn, heiter det.

Ellers lagar kommunen planar. Og så kjem fylket med innsigelse på kommuneplanane ,- og då tar det tid for ting må endrast. Nokre døme er vindmøller på Elgane,- industriområder og reguleringsplanar.

Jonas avslutta med å slå fast at i seinare til hadde samarbeidet med nabokommunane Time, Klepp og Gjesdal vorte mykje betre enn det var ei tid.

Det var kjekt å ha Jonas med på årsmøtet.
Per-Arvid

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Nytt styre :

Leiar:
Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar
Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær
Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem
Sondre Malmin -
Bygdeungdomslaget

1. vara
Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara
Anne Mette Tunheim -
Vennelaget for Lensmannsløa

Vennelaget for Lensmannsgarden

Årsmelding for 2022

I februar 2022 blei restriksjonar knytt til korona-pandemien oppheva, og samfunnet kunne gå attende til ein normal kvardag. Det er gledeleg at aktiviteten i løa tok seg opp att på nivå med før-korona tida.

Det er Hå kommune ved Servicetorget som administrerer aktiviteten i løa. Lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis, mens privatpersonar og verksemder betalar leige. Servicetorget har opplyst at det har vore 63 dagar med betalt leige, mens det har vore gratis utlån 280 gonger. Dei som låner løa gratis regelmessig er Lensmannsgarden barnehage, Ungdomsklubben, Språksprell, Varhaug seniordans og Lunsjtreffet.

Lunsjtreff-komitéen i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden frå mars av, totalt 10 gonger. Talet på deltakarar har stort sett vore rundt 35-40.

Vennelaget har godt samarbeid med Hå kommune og har jamlege møter. I år har møtene handla om arbeidet med sprinklaranlegget.

I 2022 blei arbeidet med lyddemping i løestova starta. Foreløpig resultat blei bra, men styret i vennelaget ynskjer ha lyddemping på den siste veggen og, og vil arbeide for det i 2023.

I siste del av 2022 starta Hå kommune med montering av sprinklaranlegg i både 1. og 2. etasje i løa. Vennelaget hadde ein større dugnad for å få av golvet i løa, og dette arbeidet gjekk langt raskare enn forventa. Vennelaget vil også ha dugnad for å leggja på golvet att, og alt arbeidet skal etter planen vera ferdig vinteren 2023.

På grunn av både korona og arbeidet med sprinklaranlegget, var det berre ein konsert i regi av «Kultur i Løå» i 2022, elles sjå årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéen. I tillegg arrangerte styret 17. mai fest.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og ein brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa. Eivind Galtvik har vore Vennelaget sin representant i styret for Varhaugbuen.

Styret i Vennelaget har hatt 4 styremøte i 2022. Medlemstalet i Vennelaget er 345. Styret i Vennelaget har eit mål for 2023 å auke medlemstalet.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til facebook-sida «Kultur i Løå». 925 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Astrid Skretting, leiar
Odd Einervoll, kasserer
Monica Aase, styremedlem
Eivind Galtvik, styremedlem
Åsbjørn Ueland, sekretær
Kjetil Skrettingland, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Frank Håland
Karin Frausing Varhaug
Randi Jelsa Skrettingland
Renate Tråsavik

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Irene Bratland
Kjellaug Ånestad Varhaug
Myrtle Tjemsland
Liv Reiestad
Liv Tone Stueland
Benny Berge
Ingunn Reiestad

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Linn Lode
Geir Egil Rosland
Brit Elisabeth Bratland

Årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden
Møtet var 15.mars 2023: og slik er styret:
Astrid Skretting, leiar - Anne Mette Tunheim, nestleiar - Monica Mørk Aase, styrmedlem - Åsbjørn Ueland, sekretær - Odd Einervoll, kasserar - Kjetil Skrettingland, varamedlem

SPRINKLERANLEGG I LØA

Lensmannsløa har nå fått sprinkleranlegg. Vennelaget stilte med ca 40 personar på dugnad. Dei har teke av golvborda i løa, lagt lyddemping i golvet og lagt tilbake golvborda. Nye golvbord har blitt behandla, røyr til sprinkleranlegget har blitt malt, folk har stilt opp med råd og veiledning og det har blitt laga mat til dugnadsgruppene.
Og utfordringar har det vore undervegs i arbeidet i den gamle løa. Meir enn 300 timar er lagt ned i forskjellig dugnadsarbeid.

Som takk for godt utført arbeid spandert kommunen kaffe og kake på gjengen 24. april i Løestova.

Som ansvarleg for å få tak i dugnadshjelp, så må eg seia at det arbeidet har gått over all forventning. Det er ikkje mange nei eg har fått, ja det er til og med folk som har tilbudt seg å vera med. Eg seier bare, for ein gjeng!

Og når nå sprinklinga er på plass så er også «Kultur i Løa» i gang igjen og vil få til aktivitet i løpet av hausten.

Astrid Skretting

KAKE-FEST PÅ LØA

BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.
PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3
Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG
VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

RYDDING I SENTRUM

Vi er en gjeng pensjonister som går rundt i Sentrum og plukker søppel. Denne gjengen er en del av «frivillighetsNorge» Dette er åpent for alle, så har du lyst til å være en av gjengen så kontakt gjerne undertegnede som for tiden fungerer som kontakt-person for Ryddegjengen. Arbeidet egner seg for begge kjønn og krever lite forkunnskaper i form av fagbrev e.l. For tiden er det overvekt av menn, bare slik at det er nevnt.

Vi møtes 1. onsdag hver måned i kafeen hos Skretting'en for «peptalk», kaffe og en liten matbit og ikke minst, drøs. Det er sikkert mange som har observert at det går vel vaksne personer med gul vest, klype i den ene og søppelsekk i den andre handa. Vi har et enkelt opplegg som det er lett å slutte seg til, om en vil!

Nå skriver vi mai og våren er her. Folk er mer ute og dermed blir det noe mer søppel. Vi er ikke alle like flinke til feie for «egen dør» Primært går ryddegjengen rundt på fellesarealer så her er oppfordringen til ALLE, også inne i byggefeltene. Ta en kikk, fjern plastikk og anna «styggedom» som ligger og flyter.

Til slutt en oppfordring til hunde-eiere. Det er faktisk noen som har misforstått dette med hva plastikk-poser egna for hunde-bæsj skal brukes til. Vi ser at det er noen som samler bæsj i poser men deretter blir posen, med innhold, kasta i naturen. Me andre, både hundeiere og andre innbyggere i Varhaug ser fram til at denne framgangsmåten tar slutt!

Oppfordring 2 går til gardbrukere som har større plastbeter hengende på gjerder o.l. Det er sikkert kommet fra naboen men sjå litt stort på det, ta det, sjøl om det egentlig tilhører naboen!

Rune Odland - kontaktperson for Ryddegjengen
915 11 088 eller rune.odland@lyse.net

Det har lenge vore planlagt å få eit skilt på bygget for å verta meir synleg, og endeleg 20. april var alt klart.

Det var jo bra at dei same organisasjonane - Bondelag, Bygdekvinnelag, BU og 4H - som åtte Internatet - som kom i vegen for utbyggings planane til Fjordkjøkken - fekk kjøpa ei erstatning midt i sentrum, heile 1. høgda i Rune Odland-bygget. Dyrlegane «fylgde med på flyttelasset», og er vel etablert i ein del av austre enden av bygget. Midtre delen, der røyrleggar Volden/Tollefsen var tidlegare, held nå Guro Aarre på med sitt yoga-senter. Laga sjølv har møterom/lager i austre delen og ikkje minst; eit stort møterom/feststove mot vest. Nå som skiltet er på plass, treng heller ingen lura på kor Bygdahuset er.

Her gjorde BU gjort eit godt arbeid. Med lift på plassen, og både vater og drill i hand, kom bokstav etter bokstav på plass. Med same fekk dei og på plass stativ til 2 flagg ved inngangen til det store møteromet. Takk for godt og raskt arbeid! «De va helst goe».

Liv

VARHAUG BU

Nå nærmer sommeren seg med stormskritt! Noe som betyr at det ikke er så lenge igjen til vi skal arrangere Sommerstevne!
Vi kan love en helg med god stemning, godt lag, og gilde tevlinger.

Sett av **4.-6.august** for tidenes avslutning på sommerferien! Jesper Lerbrekk

Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

NORGESHUS
Varhaug
jarle.reime@norgeshus.no

Nytt frå Lerbrekk

ÅRSMØTE

Den 23. mars hadde me årsmøtet på Lerbrekk. Leiar Sigbjørn Varhaug kunne ynskje 37 personar vel møtt. Før årsmøtesakene hadde leiaren minneord om 6 medlemmer som er gått bort sidan sist årsmøte. Me mintest dei med 1 minutts stille. Etterpå song me «Blott en dag, ett øgonblick i sänder», av Lina Sandell.

Sigbjørn las så opp ei fyldig og god årsmelding, me er nå 133 medlemmer i Vennelaget. Huset vert flittig brukt, og det har vore 2012 personer som har skreve seg i gjesteboka. For at all utleige og bruk av huset skal fungere, er me avhengig av at Sigbjørn held kontroll, og at vaskegjengen gjer sin gode og nødvendige jobb etter kvar bruk.

Kasserer Brit Obrestad gjekk gjennom resultatregnskapet og balansen, og laget har kr 132.549 i inntekter og kr 148.903 i utgifter. Eigenkapitalen er solid. Rekneskapet blei einstemmig godkjent.

Valet vart leia av Olav Husveg.

Leiar Sigbjørn Varhaug 1 år og
kasserer Brit Obrestad 2 år. Begge attval.

Styremedlem Ingunn Reiestad, Ny 1 år og styremedlem Oddvar Ånestad 2 år attval

Styremedlem Dag Varhaug - ikkje på val

Vararmedlemer: Aud Torunn Hobberstad, Ny 1 år og Oddvar Varhaug attval 1 år

Revisorar: Øystein Bratland 1 år og Ingvar Reiestad 2 år. Begge attval.

Valnemnd; Arnstein Skretting Ny 3 år. Olav Husveg 2 år igjen og Per Egil Dubland 1 år igjen.

Alle val var einstemt utan andre forslag og blei vald ved akklamasjon. Kasserer skal og vere skrivar.

Leiar Sigbjørn Varhaug fekk så ordet med sitt kåseri med tittel «Erindringer» ut frå ein kavalkade av fine og talande bilete. Eit bilete av ein kopp med tekst «Erindringer» og bilete av solnedgang frå stova hans heime, innleia forteljinga. Han fortalde frå barndom og sundagsskule på Lerbrekk, sundagsskuletur til Frøyland der ein av leiarane ramla i kumøkk med dress, kvit skjorte og slips. Han fortalde om ein filmrull som blei funnen i ein vegg i Dirdal ved restaurering av huset til Odd Dubland. Dei framkalla eit bilete der eine mannen viste seg å vera kokk på Opstad under krigen, og ei dame på besøk på skulen kjende han igjen som bestefaren sin, og kunne fortelja historia om mannen. Spennande! Sigbjørn mintest og ein tur på Færøyane med Olsokfeiring. Folka feira heile natta og song ein song med 1000 vers. Då dei gjekk rundt i mørket fekk dei plutseleg høyra songen «Han tek ikkje glansen av livet» Mykje å minnast, og Sigbjørn fortalde på ein engasjert og livfull måte.

Det var nå tid for å takke og gje blomar. Eirik J. Varhaug fekk blomar for sin innsats i valnemnda i to periodar. Sigbjørn fekk blomar for sitt kåseri og sin positive innsats heile året. Uteplanter blei så overlevert til vaskegjengen, styret som har vore, Astrid Varhaug som sekretær og hjelper for Sigbjørn og Anne Margrethe Ånestad for utmerka stell av uteområde og matlaging. Inger Haugstad fekk så takk for arbeidet som sekretær i 13 år, med blomar.

Etter utloddinga kunne så Sigbjørn takka for frammøtet og ynskje vel heim.

Inger/Brit

Erik Håland Maskin a.s
Ole G Nord-Varhaug & Co a.s
BØEN Siden 1924

VASKEDAG

Tysdag den 18. april var ein god gjeng på 12 personar samla på Lerbrekk for å ta ekstra reingjering med vask av vindauge og spyling og reingjering ute. Alle tepper i lærarstova var ute til lufting og det vart vaska skikkeleg. Alle vindauge i lærarbustad og nordre skulestova vart vaska både på innsida og utsida og i mellom. Å vaske slike vindauge tek si tid, for dei er doble og må opnast slik at det er fire flater på kvart vindauge som skal vaskast.

Ein god matpause høyrer med, og me fekk servert lapskaus frå Skrettingen og is og kaffi til dessert. Midtre skulestova vart vaska torsdag 27. april. Skulen må skina til alle konfirmasjonsselskapa som skal vera.

SUNDAGSKAFÉ

Det vert ikkje sundagskafé i sommar, men me vil ha to gonger til hausten:

3. september og 1. oktober kl. 14 - 17.

GRILLKVELD

Torsdag den 3. august kl. 17.30 fyrer me opp grillen på Lerbrekk skule og inviterer til grillkveld. Det vert musikk av «Agnes og dei».
Sal av grillmat, kaffi og kake.

Alle er velkomne til ein triveleg kveld, både medlemmer og andre.

Vennelaget

HERREDSVELA TRANSPORT
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

HELLA MASKIN AS

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

17. MAI PÅ VARHAUG

2D
3.

2. JUNI - 3. JUNI 2023

Varhaug-marken

FREDAG 2. JUNI

16.00 Åpning av Marken og bodene
Mange spennende utstillere i år
17.15 **Ongaløpet**
17.45 Danseinnslag
20.00 Slutt for i dag
Gladfredag teltet åpner

LØRDAG 3. JUNI

08.30 -09.30
Gratis frokost sponset av Q meieriet, R. Skretting, Spar og Coop Extra. Servert av bygdekvinnelaget
Jærbelgen spiller
09.00 Bodene åpner
VM i sjakk ved rådhuset
11.00 **VM i FARSE- EDING** v/ R. Skretting
Påmelding egen info
12.30 **Varhaugmilå**
13.45 Trekning av premier til Varhaugmilå
Trekning av konkurranser fra stander
14.00 Marken slutt - TAKK FOR I ÅR
16.00 - 0200
Konserter. Gata åpnes kl 19
19.45 Elle Melle & Kira J Band



FARSE-EDING VM Lørdag 3/6 2023 VARHAUG

General sponsor

jæren sparebank

BYGDEKVINNELAGET

Møtene i bygdekvinnelaget til hausten

31. august, Basar
28. september, Årsmøte
26. oktober, Tema ikkje bestemt
30. november, Julemøte

28. mars var bygdekvinnelaget på besøk på **Varhaugspulsen.** 15 damer var med på omvisinga og fekk fortalt om alt dei kunne tilby der. Dei kan tilby både gruppe og individuell trening, ein kan få tilgang til å trena når ein sjølv ynsker og ein kan få «prøvetime».

Etter omvisinga var vi ned på Bygdahuset der det blei servert kanelrullar og kaffe.

STRIKKETUR

20. april reiste 40 damer til Kristiansand på strikketur. Nokre strikka og andre slappa av på toget. Været i Kristiansand var flott og mange kosa seg i Markens med kaffe i sola. Andre gjorde «kupp» i klesbutikkane. Før vi reiste heim, hadde vi middag i lag på Egon. Vi kom heim litt seinare enn planlagt for toget frå Kristiansand var forsinka så vi fekk ein liten time å venta i Egersund.

BONDEKOMPANIET

27. april arrangerte Bygdekvinnelaget, Hagelaget og Bondekompaniet samling i lokala til Bondekompaniet. Over 70 personar møtte og jamen hadde dei både stolar og mat nok til alle. Stihl og Norsk naturgjødsel orienterte om sine produkt og det var åresalg med fine gevinstar, alt frå frø til krokketsett. Overskotet av åresalget gjekk til Ønsketransporten.

Astrid Skretting

VB VoldenTollefsen
Murmester Waldeland & Dubland
Slakteren
R.SKRETTING A.S

FOTO KLUBBEN

Monica Mørk Aase
Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF
e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård
Eiendomsmegler MNEF
e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN

FJORDKJØKKEN

Råbygget skal være ferdig nå i sommer. I første omgang skal vi innrede det nye mottaket og kjøkkenet, og dette arbeidet vil pågå utover høsten, og være klar på nyåret. Resten av lokalene vil bli ferdigstilt og tatt i bruk på et senere tidspunkt.

Vi ser fram til å få ferdig det nye kjøkkenet og mottaket, som blant annet vil gi et løft i forhold til produksjonen og arbeidsflyten. Og de nye lokalene vil på sikt gi mulighet for å ta i bruk nytt utstyr og ny teknologi.

Hilsen Anne Siri Høiland



Foto: Amailie Ravndal

VÅREN ER EI FANTASTISK TID

Men og ei veldig travel tid. Våren i år har vore forholdsvis sein, og oppdelt i fleire periodar grunna dårleg ver. Då vert mange ting komprimert, og alt må gjerast på ein gong; utkøyring av gjødsel, pløya, horva, steinhenting, såing, tromla. I tillegg kjem alt det andre; klauvskjering, dyrlege til å få inn kapslane for involls-snyltare, lemming og dyr ut på beite. Det vert fort litt for få timar i døgnet for mange bønder.

Varhaug bondelag er veldig takknemlege for at dei fleste innbyggarane på Varhaug har stor forståing for kva vi held på med om våren, det kan fort verta mykje lyd og lys om nettene i tillegg til lukt og moldråk.

Nå er 17.mai over og då fylgjer siloslåtten.

Til ALLE BØNDER: Ta vare på helsa! Ulukker oppstår ofte grunna lite svevn og skal berre…… tankegangen. Tenk HMS! Me har ingen å mista!

Helsing Varhaug bondelag

DIKT-boka, som eg fekk av Christine Kvernes, ligg alltid framme hos meg. Og i dag fann er nokre vers om ORD:

Så intense

Så sterke

Så grusomme

Så ubeskrivelige

LIKEVEL KAN DE VÆRE

Så gode

Så kjærlige

Så varme

Så tillitsfulle

DERFOR MÅ VI ALLTID

Tenke over HVA vi sier

Tenke over HVORDAN vi sier det

Tenke over hvordan det KAN bli forstått

Tenke over hvordan vi ØNSKER å bli forstått

Vårdikt

SOMMAR OG FAGRE FARGAR

Første mai, åttande mai, 17. mai, Kristi himmelfartsdag og pinse. Mai månad har, som vanleg, vore fullpakka av raude dagar, ekstra lange helger og ein og annan fridag midt i veka.

Raudt, kvitt og blått har blafra friskt i sørausten. I bakgrunnen har det vore eit rikt utval i stadig friskare grønfargar som verkar som balsam på netthinnene. For noko av det beste med våren på Varhaug er at fargane kjem gradvis att frå april og utover. Fargekontrasten mellom gråbrun vinter og grøn vår er minst like sjokkerande stor som då me eit stykke ut på 1970-talet for første gong fekk sjå president Gerald Ford i fargar etter at sterke karar frå Varhaug Handelslag hadde bore inn eit flunka nytt fargefjernsyn i stova vår og teke med seg den gamle svart-kvitt kassen i retur.

Nå er me inne i ein god stim og nærmar oss midtsommar og ferietid med iskrem og kald drikke i alle regnbogens fargar. Det er berre å la fargefjernsynet kvila, fyra opp grillen og kryssa fingrane for at sommaren blir solbrunande varm, grøn og grøderik. Til gagn og helsebot for bøndene og alle oss andre.

God sommar!

Sjur Håland

UNDERGANGEN

Ja, nå tek det til å verta fint her. Ny asfalt er på plass. Det er nymalte vegger, og eit ganske «fansy golv» - det er vel her det skal koma lyssetting? Men kva med trappene, det var vel i grunnen dei det hasta mest med? Eg trøystar meg med at malinga i trappenedgangane berre er gjort for å få det fint til 17 mai, og så vil trappene koma etterpå??

Såg i Jærbladet at desse trappene vert så mykje dyrare enn planlagt, men det går ikkje an at kommunen stoppar nå, med halvgjort arbeid?

GATESKILT MM.

Dette skiltet midt i sentrum, ser ikkje mykje fint ut.

Så noko anna i same slengen; Ei framand dame skulle til Stasjonsvgen 18, og spurde ei Varhaugdame ho møtte, om vegen. Men ho kunne ikkje hjelpa, for ho fann ikkje noko husnummer.

Ein annan ting, som heller ikkje er enkelt; Sentrumsgården har adresse Stasjonsvegen 76, men du finn inngangen til blokka i Uelandsgata???

Og med same eg er i sentrum; «Bysyklane» - som det heiter andre stader. Kor finn ein dei her på Varhaug? Jau, om ein fylgjer skiltet «Varemottak» Hå Rådhus, så kjem du til syklane. Hadde ikkje det vore naturleg at dei hadde vore på jernbanestasjonen?

Liv

SKOG

Då me gifta oss i 1962, hadde forlovaren til Hans, Theis Stueland ein gild song (som Elisabeth Reiestad hadde skrive for han til tone av» Sjå Norges Blomsterdal». (Dette var noko ho til vanleg var veldig hjelpsam med).

Der er vers nummer fem slik:

På Hobberst var ein skog.

Ein stor, ein svær, ein veldig skog

Det var te den me dro.

Der mange slag me slo

på indianarvis.

Men tida den flaug fort og hart,

:-:og vaksne vart me snart:-:

Denne skogen med grantre, var veldig gammal, og med åra vaks det og opp ein del lauvtre. Då eg kom til Hobberstad, tykte eg det var gildt å gå på tur i eigen skog og berre lytta til alle fuglane. Skogen vart og ein gild leikeplass for barna våre, etter kvart som dei vaks til. Og seinare og for barnebarna som bygde hytte der.

Stormen i september 1969 herja fælt med skogen, og då tok me ut ein del av dei ned-blåste trea til brensel. Men me klarte aldri å ta ut alt det som var øydelagt, og skogen vart aldri den same etter stormen. Nå vart det og vankeleg å gå gjennom skogen på grunn av alle tre som var blåst over ende, så det vart helst berre ein god livda-plass for ungdyra om hausten, i tillegg til rådyra som heldt til der.

Nå er skogen borte, og området er dyrka opp. Det står bere igjen ein del fine lauvtre.

Men det er ikkje berre vår skog som er forsvunne. Nå er ganske mykje av Vigre-skogen vekke, og det er og gjort eit stort javs av skogen på Grødaland. Kor mykje har dei tenkt å ta her då?

Folk som er glade i å gå på tur er uroa, kor mykje meir vil forsvinna? Men dei er glade for den nye vegen som er laga på nord, for det var ikkje alltid like lett å ta seg inn i skogen tidlegare. Men det er planta nye tre, og det vil nok gleda mange, ikkje minst dei som i mange år har halde på med frivillig pleie av skogen, både med rydding og planting av nye lauvtre.

Sitkagran var vel den sorten som vart planta mest, og grunnen til det var at ho var robust og hurtig-veksande. Men grana har spreia seg rundt omkring alle stader, omtrent som løvetanna, så det er ikkje eit mykje populært tre. Dei fleste er nok samde om at sitkagrana ikkje høyrar heime på Jæren, men det må vel kunne plantast andre sortar?

Det var vanleg å ha ein dag eller to med skogplanting, då eg gjekk på skulen, og eg har vore med å planta mange stader i Time. Veit ikkje kva me planta, men det var kanskje sitka? Me ungar planta det me fekk i hendene, og tykte nok berre det var gildt med ein ekstra fridag ute med mat og saft. Her på Varhaug var det og vanleg at skuleklassane var med på planting. Mannen min fortalde at det var alltid gild når dei planta på Nord-Varhaug hos Leif, for då fekk dei brus til maten!

Liv

SLAKTARKAFE'N

Torsdag har i alle år vore komledag på Jæren. Men når ein er aleine, så er ikkje komle den retten ein først lager til seg sjølv. Men nå etter at me fekk Slaktarkafe'n, er ikkje det noko problem. Kvar torsdag frå kl. 11.00 - 14.00 kan ein kjøpa komle, kjøt og kålrotstappe her, og det har eg nytta meg av fleire gonger.

Eg var innom litt tidlegare på torsdag, og der møtte eg den trivslege gjengen med damer. Dei var ikkje der for komlemiddag, nei dei slappa berre av litt med ein kaffikopp med litt attåt, etter å ha vore på Pulsen på trening. Eg var innom og såg på treninga ein dag, og det var verkeleg hardtrening. Takk for at de ville vera med i Varhaugbuen og ein kaffikopp eller to etter den treninga, den er de vel undt!

Liv

SENTRUM

Nå er «full rulle» igjen på den store tomta i sentrum. I fjor vart markeringa av at Varhaugmarken var 40 år utsett, sidan denne tomta såg noko «rusjen» ut. Det er nå lenge sidan gjengen frå Undheim rydda vekk, og me fekk ein stor open plass, mest som eit stort torg. Så nå var det klart for kommunen å starta opp med å laga den fin med både det eine og det andre, slik som me hadde sett skisse over. Men kvifor kom dei så seint i gang? Hadde ikkje dei og lyst til at det skulle verta fint til Varhaugmarken 2. og 3. juni?

Klarer dei nå å verta ferdig til Marken, med alle dei raude dagane me har i mai? Eg berre spør! Men under har hendt før, så nå er det berre å håpa på det beste …

Liv

VARHAUGMARKEN

Me skal i år markera at Varhaugmarken er 40 år. Her må me nok legga til pluss,pluss, for i Varhaugbuen i 2012 står det at me feira Marken for 31. gong. Så i grunnen var me 40 år i 2021,MEN så var det den KORONAEN. Så det året hoppa me over. Så skulle det markerast i fjor, men styret for Marken tykte det var så utriveleg i sentrum (les handelslagtomta), at me hoppa like godt over 22 og. Og endeleg kan det verta ei MARKERING i 2023!

Nå er endeleg kommunen i gang med opparbeidinga av den opne plassen, så eg reknar med at det er klart til Marken. Ser i spenning fram til å få sjå koss dette vert. Ting tek som kjent tid. Håpar me vert nøgde med det som dei lagar til, slik at me kan synga: «Ja, dette har me venta på så lenge …»

I Varhaugbuen nr.2/2012, skreiv eg slik: «Snart er det Varhaugmarken igjen, og då håper eg på fint og varmt ver. Nå er eg lei både regnet og ikkje minst kulden. Eg går i dei same kleda som eg bruka i vinter, og nå er me i slutten av mai!».

Vel, altså er veret me har nå heilt normalt. Og så må ein berre huska ordtaket: «Mai's kulde, gir bondens lader fulle».

Slik Varhaugbuen er i dag, har den vore sidan 1995, då laga og fekk INTERNATET. Difor har eg ingen ting skrive om dei første åra til Varhaugmarken. Men eg husker godt alle utstillingane som starta ved IT og enda opp med Bohus. Då vart ingen ting rydda vekk for natta, og frivillige frå lag og organisasjonar gjekk vakt om natta. Eg har teke min del av desse vaktene.

Eg har kikka gjennom ein del av blada når det gjeld Marken, og programmet har vore stort sett det same heile tida. Men dei første åra kinna bygdekvinnelaget smør i tillegg til å baka flatbrød, og bondelaget var på plass med kniv og skinke, slik at me skulle få ein smakebit til det nysteikte flatbrødet. (Det er mest så eg får vatn i munnen, her eg sit og skriv).

Elles så har det alltid vore grillmat sjå Skrettingen,og kaffi og litt å bita i har det vore både her og der. Ingen grunn til å eta heime Markensdagane.

Noko som ikkje har endra seg myke, er frukosten på laurdag. Då har folk møtt opp i hopetal for all slag gratis mat, som bygdekvinnelaget har servert. Dei siste åra har dei baka både lappar og nordlandslefse, i tillegg til å servera mat. For ein god bakegjeng!

Elles er Varhaugmarken gode dagar for frivillige lag og organisasjonar til å markera seg , og få synt kva dei steller med. Kanskje får dei og ein ny medlem i laget sitt?

I fjor var vel første året med VM i farse-eting, og det står på programmet i år og. Då var det mykje folk samla, så det var tydeleg at dette var populært.

Noko anna som og har vore fast under Marken er Ongaløpet på fredag og Varhaugsmilå på laurdag. Når eg skriv dette, veit eg ikkje så mykje meir, men de finn heile programmet annan stad i bladet.

Liv

MINNESTEINEN OVER DEI RUSSISKE SJØFOLKA FRÅ INGERMANLAND

På den gamle kyrkjegarden på Varhaug, har det i seinare tid vorte gjort eit godt arbeid med å fiksa opp alle dei gamle gravene.
Men denne minnesteinen har vore ganske misseabel. Bokstavane var nærast uleselege. Eg klaga på dette, og svaret eg fekk var at dette ikkje var noko som kunne gjerast i ei handvending. Ein måtte venta til vinteren, ha reiskap til å heisa steinen opp og frakta den vekk for vedlikehald.

Nå er steinen som ny. Den har ikkje vore på eit eller anna verkstad og fått dette gjort. Nei, det har den kreative personen Arnstein Skretting ordna. Bokstavane er handmalt på staden. Det er ikkje berre gravstein han har fiksa. Nei det er og kome opp ein fin benk i kråa ved dei store trea i nord/aust på kyrkjegarden. Ein kan sjølvsagt sitja på benken ved kyrkjeveggen, men det var noko heilt anna og sitja på den nye benken med utsyn til både kyrkje og hav.

Stor takk til Arnstein, for begge desse jobbane.

Dette kan me ikkje masa nok om. Og nå har det vore i fjernsynet og, så kanskje folk tenker seg meir om???

Aluminiumsboks før og etter

ALUMINIUMS BOKSER I FÔR TEK LIV

Kvart år får VBL inn klager frå bønder som må avlive dyr som får i seg aluminiumsrestar etter bokser.

Me vill prøva å belysa problemet. Når ein person kaster aluminiumsboksen sin ut på eit jorde vil graset vokse over boksen. Bonden kommer og slår graset og raker det samen i strenger, for så og snitte graset kort nok for ensilering til vinteren.

Dagens snittere har metaldetektor som stopper maskinen men denne virker kun på metal som er magnetisk noko som aluminium og rustfritt ikkje er. Resultatet er at snitteren snitter boksen opp i små barberblad som kua ikkje merker før det er forseint og skjærer hull i mage eller tarm og får indre blødninger og døyr.

Før kunne vi Nødslakte kyr med inndre blødninger, med nytt EU regelverk får vi ikkje det og kua må destrueres.

Dette er utrolig smertefult for kua og bonden i tillegg eit stort økonomisk tap for bonden.

Varhaugbua ikkje kast Aluminiums-boksar rundt omkring dei har ei lei tendens til å havne på ei jorde.

Mvh Varhaug Bondelag

LØFTEPLATTFORM

OG TILRETTELEGGING FOR BEVEGELSESHEMMA I VARHAUG KYRKJE

Tekst og foto:
Turid Boganes, daglig leiar Varhaug sokn

Dei aller fleste av oss kan gå ei trapp på tre trinn utan problem. Me tenker ofte ikkje over at det er det me gjer ein gong, går opp eit par trinn slik som det er mellom kyrkjeskipet og koret i kyrkja. Skal me delta i ein dåp går me opp trappa som ingen ting. I alle fall nesten, må bare passa på at me ikkje trør ned inneforet i stakken på bunaden eller snoffler med dåpsbarnet i armane. Ting som let seg løysa om ein berre tek det litt roleg og held nervene i sjakk. Eller på konfirmasjonsdagen, formaningane til jentene på vei til kyrkja; «Hugs å løfte opp stakken når du skal opp og ned trappa», og til gutane; «Hugs at du har på deg ein kappe, du må løfta den når du går opp og ned trappa». Det går somregel heilt fint, og skulle ein væra så uheldig at ein «snoffle» i stakk eller kappe, ja då er det flaut der og då - men eit par tiår seinare så er det eit artig minne som ein dreg på smilebåndet av.

Men kva om du ikkje har desse trivielle bekymringane, men heilt andre. «Eg vil delta i dåpen til mitt eige barn, men eg kan ikkje koma opp trappa. Ingen kan lyfta meg opp, for eg er for tung i rullestolen min.» Eller når invitasjonen kjem til konfirmasjon; «Eg vil ikkje væra konfirmant i kyrkja, for eg kan ikkje koma opp trappa til alteret slik som alle dei andre. Det er bare flaut at presten skal koma ned til meg - eg vil delta på lik linje med dei andre eller så vert eg ikkje med.» Eller når føtene svikter i alderdommen, men du har lyst å gå til nattverd, stå rundt alterringen men kjem deg ikkje opp trappa. Bekymringar som ein som bevegelseshemma ofte møter i ulike situasjonar i livet, men ikkje burde møte i ei kyrkje som skal romme heile livet og alle som vil koma.

Difor tok soknerådet opp problemstillinga i desember 2021 for å sjå om ein kunne gjera noko konkret for å leggja til rette slik at alle kan koma opp i koret. Saman med fellesrådet i kommunen har ein no fått på plass ei løfteplattform, samt gjort plass til rullestolar i benkeradene. Både soknerådet og fellesrådet har sett på det som så viktig å legga til rette for at bevegelseshemma og skal få kunne koma opp i koret at ein har gjennomført prosjektet utan å ha finansiert prosjektet fullt ut. Dersom du vil væra med og støtta prosjektet kan du VIPPS's til #116343 og bruka kategorien «Løfteplattform» eller du kan setja inn ei gåve på konto 3335.20.88507 merk gåva med «Løfteplattform».



Ongaløpet på Varhaugmarken

Fredag 3. juni vert det Ongaløp
Registrering/start/mål er ved Rådhuset.

Løpet er delt opp i 4 aldersgrupper, første gruppe startar kl. 1700.

Frivilleg startkontingent kr 10,-

Alle får premiar og me deler ut frukt

Løpet er i samarbeid med Tannhelse Rogaland og Sparebank1 SR-Bank

Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

Vi leverer

E-post og skyløsning fra Microsoft 365

Nettside med Facebook integrasjon

Spør oss!

51485000 **www.datahjelpen.it**

VARHAUGMILÅ

LØRDAG 3.JUNI

Start/mål:

Ved Stasjoen Pub, Varhaug
Kl. 12.30 - 10 km
Kl. 12.35 - 5 km

Påmelding:

Påmeldingsfrist: inntil 30 min før start
Påmelding kan gjøres via www.vil.no

Pris:

Barn 8-15 år:
150 kr uansett løp
Voksne 15 år og oppover:
5km - 250 kr
10km - 350 kr
Pengepremie og deltakerpremie

ENDELEG KJEM DEN FLOTTE TRAPPA FRAM I LYSET IGJEN!

Heilt sidan Jæprint vart etablert, har dei vore leigetakar i første etasje i det gamle administrasjonsbygget til Serigstad Maskin. Eg har jo gått der ein del år, og alltid vore litt lei for at den store spesielle trappa opp til 2. etasje, meir eller mindre har vorte gøymt av trykkeriet sine ting.

Men nå har to unge og kreative Varhaugsmenn, Johannes Bøe og Magnus Skretting, kjøpt dette bygget. Og då gjekk det ikkje lenge før det skjedde saker og ting;

Det er nå sett inn varmepumper i Jæprint sine rom. Bjørn Reidar har fått både nytt kontor og show-rom til alle reklameartiklane. Odd og dei andre har og fått nye kontor. Dei har fått eit nytt felles møte/lunsjrom, og er og «kome opp i lyset igjen» i dei indre lokala. Utruleg mykje har skjedd på kort tid.

Men Johannes og Magnus har store planar for resten av dette flotte bygget. Dei bygg om heile 2. etasje til lyse og fine kontorlandskap, som dei skal leiga ut. Berre å få gå opp den flotte trappa, må verta eit «whow» for nye leigetakarar.

Det er og ei ganske stor tomt her, og Johannes og Magnus har planane klar for utbygging her til uleigeboder, både store og små.

Eg som har gått i dørene her i fleire år, tykkje det er veldig gildt at det skjer noko i bygget. Og spesielt når det er to unge frå Varhaug som står bak. Eg seier berre tvi, tvi, og ynskjer dykk alt godt!

Liv

WESTCO miljø

ÅS MASKIN
ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

På årsmøtet for misjonshuset 30. mars vart det gjort kjent at det planlagte byggearbeidet på misjonshuset vert forseinka fordi saksbehandlinga i kommunen tar mykje lengre tid enn forventa. Det ser ut til at arbeidet vil pågå utover hausten, men ein vil ta sikte på at arbeidet ikkje vil gå utover julemessene. Og ein vil legge tilrette for at møtesalen kan nyttast til møter som vanleg.

Dei 4 organisasjonane sine møter går som vanleg, og mykje skjer ut frå sentrum menighet. Ein har også innslag av møter og basarar for Israelsmisjonen og Samemisjonen. Det er nattverdmøter ein gong i månaden,- og det vert og ein god del møter for «Lys over Land».

Og både flymisjonen og lekmannsmisjonen har møter.

I fjor har det vore ein serie med samlinger om livsmestring. Desse samlingane fortset i år.

Annankvar veke er det samling med bibellesing i matsalen, kalla «Rik bibel». Her går ein gjennom bibeltekstane, eit kapittel om gangen. Og det er fast bønemøter om tirsdagane i undomssalen.

Og eit viktig opplegg er samlingane for godt vaksne. «Vi over 60» er 1. og 3. onsdag kl 1400 i matsalen, med andakt, mat og utlodding og sang som hovedingrediensar.

Ungdomslaget er aktive, det er ope hus på fredagane og ungdomssamling på laurdagane. For dei yngre er det FRES annankvar fredag, og homlebølet i kjellaren på tirsdager.

Sundagsskulen er no historie, men speidaren er aktiv,- dei er ikkje på misjonshuset men ute.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100,
og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21,
postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

JÆRTREFFET

Det årleget Jærtreffet på Iden vert arrangert helga **15.-17.september.** Merk alt nå dette av i kalenderen.

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

19. august

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

ÅRSMØTE VARHAUGBUEN

Styret, representantar frå dei ymse laga og mange av postboda vår i tillegg til ordføraren var på årsmøtet 24. april.

Årsmøtesakene gjekk raskt unna. Det vart ei endring i styret då Sondre Malmin kom inn i styret frå Bu i staden for 4H, som nå hadde hatt sine to år. Så fekk ordføraren ordet, sjå refererat ved Per Arvid på side 19.



PIZZA TILBUD

STOR PIZZA + 1,5 BRUS

189,-

GJELDER 29. MAI TIL 4. JUNI

STASJONS PIZZA VARHAUG & GRILL

Ring oss

4000 56 11

VARHAUGSMARKEN

VELKOMMEN TIL VÅR STAND 2-3 JUNI

- **KONKURRANSE: MELKESPANNHOLDING**
- **INNMELDINGSTILBUD 2-4 JUNI (VIA NETT)**
- **TILBUD PÅ PERSONLIG TRENING OG KOSTHOLDSPLAN**
- **BOOTCAMP MED @INGERINDUBAI LØRDAG KL 11-12 (FOR ALLE I FF-SAL) NB! KREVER PÅMELDING**

VARHAUGS Pulsen FUNCTIONAL FITNESS

VARHAUGS Pulsen